

**SVEIO KOMMUNE**

# **KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET**

## **ÅRSMELDING 2020**



Foto: T. Hallsjø

**KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET**

**SVEIO KOMMUNE**

---

## INNLEIING

---

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2020.

I følgje kommunelova § 23-5 skal ”**kontrollutvalet rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret**”.

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit *lovpålagt* organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av selskapa som kommunen eig eller er deleigar i. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Utvalet har for valperioden 2019–2023 følgjande medlemmer:

#### Faste medlemmer

Leiar	<b>Ole-Ørjan Hov</b> (MGD)
Nestleiar	<b>Arne Valen</b> (Sp)
Medlem	<b>Solfrid Aasen</b> (Sp)
(Sp)	
Medlem	<b>Gustav Eidsvåg</b> (Frp)
Medlem	<b>Marit Elise Lier</b> (Ap)

#### Numeriske varamedlem:

1. Per S. Wathne (KrF)
2. Bjørn Gerhard Huseby Frp)
3. Hege Hobberstad Vigre
4. Randi Skimmeland (Ap)
5. Andreas Bårtvedt (H)

Utvalseleiar er utvalet sin kommunestyrepraesentant. Utvalseleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlata denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Ho møtte i desembermøte og varaordfører februar møtet i 2020. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har møtt på tre av fire møte. I tillegg har økonomisjef møtt for rådmannen i eitt møte og han orienterte i regnskapssaka i mai.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider ([www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

---

### 3. UTVALET SIN AKTIVITET I 2020

---

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i 2020 hatt **5** (5) møte, fordelt på tre om våren og to på hausten. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i rådhuset. Møtet i mai ble halden digitalt på møteplattforma Zoom. Leiar og sekretær møttest på rådhuset.

Utvalet har i 2020 hatt **35** (31) saker til handsaming der **8** (8) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **42** (51) saker er blitt lagd fram til orientering.

Samla oversyn over sakene følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På dagskonferansen på Sandnes for kontrollutval i Rogaland 9. januar deltok leiar, nestleiar og Lier frå Sveio. På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) 29.-30. januar deltok nestleiar. Konferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni blei avlyst som følgje av koronapandemien.

---

### 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

---

#### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

---

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i det digitale møtet 04.05.20, sak 7/20 kommunen sin årsrekneskap for 2019 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2019 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 0 og positivt netto driftsresultat med 5,8 mill. kr. Det var klart dårlegare resultat enn året før (5,3 %) og resultatet låg rett under Teknisk berekningutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75 %. I same møtet blei rekneskap for Ryvarden Kulturfyr KF godkjent. Underskotet her var på k 42.798.

Utvalet meinte netto driftsresultat var ein viktig indikator, og då denne hadde var blitt redusert og no låg under normtal, var det viktig å følgje med. Utvalet slutta seg til uttalen, då det ikkje var funne nokon formelle feil.

---

## 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

---

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det regelmessig vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Sveio kommune sin plan for 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 02.11.20, sak 114/20.

Arbeidet med planen starta på nyåret med et risikospel og det blei av revisjonen utarbeida utkast til plan med risiko – og vurderingar til junimøtet. Utvalet drøfta planen i september og kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
2. *Bemanning og sjukefråvær*
3. *Leverandør- og kontraktsoppfølging*

Utvalet valte å takka ja til invitasjon til fellesprosjekt om forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) i mai. Kostnaden vil bi delt mellom dei 6 kommunane. Rapporten frå KPMG skulle vere klar før nyttår, men er blitt forsinka.

Utvalet valde nytt prosjekt i november og gjekk for prosjekt nr 1 på prioriteringslista. Prosjektmandat frå Deloitte ligg no føre og rapport vil vere klår i juni 2021.

Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Barneverntenesta» frå hausten 2019 blei lagt fram for utvalet i november og kommunestyret i desember, sak 135/20 i møtet 07.12.20. Saken blei tatt til orientering.

---

### 4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

---

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll.

Plan for 2020-2024 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 02.11.20, sak 113/20 på bakgrunn av overordna analyse. I følge vedtatt plan er følgjande sett opp:

1. *Sveio Golfpark AS*
2. *Krisesenter Vest IKS*
3. *Haugaland brann og redning IKS*
4. *SIM IKS*

Upprioritert prosjekt: overordna eigarskapsforvaltning i kommunen, Haugaland kraft AS , oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter.

Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap

---

### 4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

---

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Deloitte AS har sidan 01.07.16 vore kommunen sitt revisjonsselskap og deira avtale til 31.06.21. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Else Holst-Larsen og ho har møtt i fire av fem møte. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og har møtt fysisk eller digitalt i fire møte i 2020.

På bakgrunn av orientering om at kommande anbudsprosess var blitt forsinka, bad utvalet sekretariatet om å leggje fram ei sak til augustmøtet om val av ulike revisjonsordningar.

Sekretariatet la då sak fram for alle kontrollutvala på Haugalandet og med to alternativ, anten å velje interkommunalt samarbeid eller å fortsette med konkurranseutsetting. Utvalet kom med innstilling om å velje eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS. Innstillinga blei lagt fram for kommunestyret i møtet 22.09.20, sak 85/20, og blei samrøystes vedtatt. Dei andre kommunestyra valte seinare det same.

Deloitte AS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

---

## 4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL (NYTT)

---

Kontrollutvalet skal mellom anna «påse ....at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....». Revisor er derfor pålagt, ifølgje ny kommunelov, å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette er omtala som ei ny oppgåve for revisor, kalla i § 24-9 «forenkla etterlevingskontroll», men Deloitte meiner dette har vore ein del av revisor sitt arbeid før også.

Deloitte AS kom med si uttale for rekneskapsåret 2019 i haust (utsett frist i år) der det ikkje var kome med noen atterhald eller merknader.

---

## 4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

---

Tilsyn med forvaltninga kan gjerast ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I junimøtet orienterte rådmannen om sitt arbeids- og ansvarsområde. I dei to møta i haust har kommunalsjef helse og omsorg og kommunalsjef teknisk orientert.

Utvalet er i 2020 ikkje blitt kontakta av innbyggjarar. Utvalet er då heller ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

Utvalet har sjølv tatt opp forhold knytte til manglande oppfølging av PPT ved skulane i Sveio og innsyn i politiske saker etter innføring nye ACOS møteportal, som rådmannen har svara på.

---

## 5 BUDSJETT/REKNESKAP –KOMMUNEN SITT KONTROLLARBEID

---

ANSVAR SOMRÅDE 10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL	REGNSKAP 2019	BUDSJETT 2020	REGNSKAP 2020
Godtgjersle, kurs, m.m	52 791	96 000	72 918
Revisjonstenester (avt m/priv.)	428 615	421 000	291.151
Sekretariatstenester ((IKS)	177 000	183 000	183 000
Sum utgifter	<b>658 406</b>	<b>700 000</b>	<b>571 134</b>

Utvalet handsama hausten 2020 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2021. Totalramma blei sett til kr 720 000 eks. mva. Framlegget blei lagt inn av administrasjonen i rådmannen sitt budsjettframlegg og blei vedteken av kommunestyret som ramme for 2021.

---

## 6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

---

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmannen eller revisjonen. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert 2005 og vore i drift i 16 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og med andre sekretariat, spesielt med Rogaland Agder og Vestland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Sveio kommune er Ruth Ø. Eriksen valt til representantskapet i IKSet med Asle G. Halleraker som vara. Eriksen deltok på representantskapsmøtet 27.04.20, som blei halde digitalt etter ny forskrift, som følgje av koronapandemien.

---

## 7. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2020 har stort sett vore som planlagt. Eit av møta har vore digitalt og planarbeidet blei noko forsinka. FKT-konferansen i juni blei ikkje arrangert.

Det har vore utarbeida nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra. Det har vore ein oppfølgingssak om tidlegare rapport om barneverntenesta. Neste prosjekt er valt og vil omhandle tilpassa opplæring.

Utvalet sendte si innstilling på val av ny revisjonsordning og revidering av utvalet sitt reglement til kommunestyret. Kommunestyret vedtok samrøystes å gå for interkommunalt samarbeid. Rogaland Revisjon IKS vil då bli ny revisor og kommunen vil bli eigar i selskapet frå 01.07.21.

Administrasjonen har elles gjort greie for økonomisituasjonen gjennom rekneskap og budsjett, samt andre aktuelle saker.

\*\*\*

Sveio, den 15.02.21

Ole Ørjan Hov  
leiar (sign.)

## VEDLEGG

### OVERSYN OVER SAKER –

### SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL 2020

#### Saker til handsaming:

##### Møte nr 1

- 1/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 25.11.19
- 2/20 Plan for orienteringar om resultatområda og stabsfunksjonane
- 3/20 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2019
- 4/20 Referat- og orienteringssaker 10.02.20
- 5/20 Arbeidet med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 - prosessmøte 1

##### Møte nr 2

- 6/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 10.02.20
- 7/20 Sveio kommune - uttale til årsrekneskapen for 2019
- 8/20 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap 2019
- 9/20 Felles forvaltningsrevisjon – Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
- 10/20 Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 - analysedokument og rapport om risiko- og vesentlegvurderingar
- 11/20 Reglementet til kontroll- og kvalitetsutvalet - endringar- ny kommunelov
- 12/20 Referat- og orienteringssaker 04.05.20

##### Møte nr 3

- 13/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 04.05.20
- 14/20 Orientering frå administrasjonen - rådmannen
- 15/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef skule og oppvekst
- 16/20 Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 - risiko- og vesentlegvurderingar og prioritering av prosjekt
- 17/20 Kommande anbudsprosess – val av revisor frå 01.07.21
- 18/20 Referat- og orienteringssaker 22.06.20

##### Møte nr 4

- 19/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 14.06.20
- 20/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef helse og omsorg
- 21/20 Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt reglement – 2. gongs handsaming
- 22/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Sveio kommune
- 23/20 Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 – Sveio kommune
- 24/20 Val av revisjon frå 01.07.21 – konkurransebasert eller interkommunalt samarbeid
- 25/20 Budsjett 2021 - kontrollarbeidet i kommunen – utvalet sitt framlegg
- 26/20 Revisor si eigenerklæring for 2020
- 27/20 Referat- og orienteringssaker 14.09.20



## Møte nr 5

- 28/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 14.09.20
- 29/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef teknisk
- 30/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Barneverntenesta»
- 31/20 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt eller eigarskapskontroll
- 32/20 Forenkla etterlevingskontroll for 2019 – revisor si attestasjon
- 33/20 Revisjonsplan for 2020
- 34/20 Møteplan for 2021 - kontroll- og kvalitetsutvalet
- 35/20 Referat- og orienteringssaker 16.11.20

## Referat- og orienteringssaker 2020

1. Statusrapport pr. januar 2020
2. Kommunestyrevedtak 09.12.19, sak 114/19 – Nytt val av kontrollutval 2019- 2023
3. Komm.styrevedtak 09.12.19, sak 115 - Namneendring – Sveio kontroll- og kvalitetsutval
4. Rekneskapstall 2019 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
5. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
6. Innkalling til representantskapsmøtet i Haugaland Brann og redning IKS 05.02.20
7. Tilbakemelding/evaluering - konferansen i Sandnes 09.01.20 v/leiar og nestleiar
8. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontrollutvalg i Rogaland 2019
9. Tilbakemelding/evalu. – NKRF - Kontrollutvalskonferansen 29.-30.01.20 v/nestleiar
10. Årsrapport og skatterekneskap 2019 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
  
11. Statusoversikt april 2020
12. Komm.styrevedtak 27.04.20, sak 35/20 –Kontroll- og kvalitetsutval - årsmelding 2019
13. Kontrollrapport 2019 vedk. skatteoppkrevjaren for Sveio kommune
14. Haugaland Brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 23.04.20
15. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsmøte 27.04.20
16. Haugaland Kraft AS – innkalling til representantskapsmøte 30.04.20
17. Kommunal Rapport - 22.04.20 – «Hvorfor er tilsyn og kontroll blitt så viktig?»
  
18. Statusoversikt juni 2020
19. Protokoll- repres.tantskapsmøtet 15.05.20 – Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
20. Partsbrev- Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) – felles forvaltningsrevisjon
21. Medlemsinformasjon mai 2020 – Forum for kontroll og tilsyn (FKT)
  
22. Statusoversikt september 2020
23. Komm.styrevedtak15.06.20,sak127-kontoll- og kvalitetsutvalet–endringar i reglement
24. Innkalling til møte i havnerådet - Karmsund Havn IKS 04.08.20
25. Protokoll fra representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
26. Kommunal Rapport 17.08.20- «Kontrollutvalg kan kreve at komm.dir. stiller på møte»
  
27. Statusoversikt november 2020
28. Notat frå rådmannen om PPT-kontakt for skulane i Sveio 26.10.20 etter spm frå leiar
29. Komm.styrevedtak 21.09.20, sak 98 – Val av revisjon frå 1. juli 2021
30. Komm.styrevedtak 02.11.20, sak 110 - Kontroll- og kvalitetsutvalet – 2. behandling

31. Komm.styrevedtak 02.11.20, sak 113 – Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024
32. Komm.styrevedtak 02.11.20, sak 114 - Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024
33. FKT- info september 2020
34. FM i Vestland – Samordning av statleg tilsyn – info om Nasjonal tilsynskalender
35. Status om forvaltningsrevisjon pr. okt.– Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
36. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 13.11.20
37. Henvendelser til kontrollutvalget – fra FKT «Veileder for sekretariat for kontrollutvalg»
38. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentanter kan delta digitalt i et ellers fysisk møte
39. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalet
40. FKT/dept. 15.10.20 – rådmannen kan ikkje endre kontrollutvalet sitt budsjettframlegg
41. Protokoll frå digitalt representantskapsmøte 27.10.20 – Krisesenter Vest IKS
42. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland brann og redning IKS 13.11.20

\*\*\*